



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Barn i sårbare livssituasjonar

Children in vulnerable life situations

Mari Krøke & Emilie Tennefoss Ullebø

Kandidatnr: 617 & 804

BLUBACH

Institutt for pedagogikk, religion og samfunn

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Hege Fimreite

Innleveringsdato: 25.mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Det går no mot slutten av det treårige bachelorstudiet i barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Det å arbeide med denne oppgåva har vore ein interessant, lærerik og begivenheitsrik prosess. Vår problemstilling i bacheloroppgåva omhandlar korleis barnehagelæraren arbeida for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen.

Vi ser fram til å kunne utøve nye kunnskapar som vi har gjort oss gjennom studiet gjennom å praktisere dette i arbeidslivet. Det å skrive bacheloroppgåve har gitt oss ei bratt læringskurve og har vore med på å auke vår bevisstheit om barn i sårbare livssituasjonar.

Vi vil også takke vår rettleiar Hege Fimreite som har vore til god hjelp i å utforme vår problemstilling, og rettleia oss på rett spor inn i og undervegs i oppgåva. Vi takkar for at du alltid har vore tilgjengeleg med god rettleiing og støtte gjennom heile prosessen med vår bacheloroppgåve. Vi ønskjer å takke våre deltakarar for at dei ville delta og dele sine erfaringar kring ein av dei viktigaste utfordringane barnehagelæraren står ovanfor. Dei har delt opplevingar og erfaringar som har vore med på å gi oss ny innsikt og kunnskap om eit viktig tema.

Høgskulen på Vestlandet

Mai 2022

Mari Krøke

Emilie Tennefoss Ullebø

Abstract

How does the kindergartener teachers work to discover and follow up on neglect in the kindergarten? is the issue we want to look further in to in this research. In our assignment, we have been looking into different theories, and been having conversations with focus groups to collect data that we have used to get answers to our issue. Through our research on how the kindergartener teachers work to discover and follow up on the suspicion of neglect, we concluded on three components that we see as important. These components are relations and care, communication, knowledge, and competence. We have concluded that it needs to be an increase in knowledge and competence regarding this issue in the education of kindergartener teachers. This is so that the teachers are more prepared to deal with these kinds of issues. Further we have concluded that the staff in the kindergarteners are in need of constant refill of knowledge regarding this issue through regular courses. This will help the staff the knowledge, competence and ability to handle challenging situations with children that are the victims of neglect on a professional and ethic way.

Innholdsliste

1.0 Innleiing.....	5
1.1 Val av tema og problemstilling	5
1.2 Sentrale begrep	6
1.3 Oppgåvas oppbygning.....	6
2.0 Teorigrunnlag	7
2.1 Omsorg.....	7
2.2 Omsorgssvikt.....	8
2.3 Frå mistanke til handling.....	9
2.4 Teikn vi kan sjå etter	10
2.5 Relasjon og omsorg.....	11
2.6 Kommunikasjon.....	12
2.7 Foreldresamarbeid.....	13
2.8 Kunnskap og kompetanse i barnehagen.....	14
3.0 Metode	16
3.1 Kvalitativ metode	16
3.2 Samtalar i fokusgrupper.....	16
3.2.1 Vignett som strategi.....	17
3.3 Validitet og reliabilitet.....	18
3.4 Etske retningslinjer	19
3.5 Metodekritikk	19
4.0 Empiriske funn	20
4.1 Relasjon og omsorg.....	20
4.2 Kommunikasjon.....	22
4.3 Kunnskap og kompetanse.....	23

4.4 Oppsummering av empiriske funn.....	25
5.0 Drøfting av funn	25
5.1 Barnehagelærarar med fokus på relasjon og omsorg	25
5.2 Barnehagelærarar med fokus på kommunikasjon	28
5.3 Barnehagelærarar med fokus på kunnskap og kompetanse.....	29
6.0 Avslutning og konklusjon	32
7.0 Litteraturliste.....	34
Vedlegg 1 – Informasjonsskriv.....	38
Vedlegg 2	40
Vignett 1	40
Vignett 2.....	40

1.0 Innleiing

I dagens samfunn tilbringar barn mesteparten av tida si i barnehagen. Statisk sentralbyrå viser tabell på at 93,4% av barn i alderen 1-5 har barnehageplass (Statisk sentralbyrå, 2022). Dette viser til at ein som barnehagelærer har eit stort ansvar med å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt. 1 av 5 barn veks opp under eit forhold som er prega av omsorgssvikt (Folkehelseinstituttet, 2020). Folkehelseinstituttet legg vekt på at vald mot barn førekjem når omsorgspersonane utgjer fysisk vald, som ofte skjer i samanheng med psykisk vald og omsorgssvikt (FHI, 2020). Omsorgssvikt er eit tema som gjerne er utfordrande og sårt for barnehagelæraren knytt til arbeidet for å oppdage og følgje opp bekymringa. Tett knytt til det å følgje opp bekymringa viser det statistikk på at antallet bekymringsmeldingar frå barnehagen har gått ned kvart år, og i 2020 var antallet meldingar på det lågaste frå dei siste sju åra (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, 2021).

Det at talla viser at barnehagane melder inn lite saker til barnevernet, har dette noko med at det kan vere mangel på barnehagelærarens kunnskap og kompetanse knytt til temaet omsorgssvikt? I denne oppgåva ønskjer vi å finne ut korleis barnehagelæraren oppdagar og føl opp bekymring om omsorgssvikt, slik at fleire barn blir oppdaga og får den hjelpa trengjer og som dei har rett på.

1.1 Val av tema og problemstilling

Vår problemstilling spør etter *korleis barnehagelæraren oppdagar og føl opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen?* Formålet er å undersøkje barnehagelæraren sitt arbeid før og etter ei bekymring om omsorgssvikt har oppstått. Vi kom fram til denne problemstillinga på bakgrunn av at dette er eit svært viktig tema som handlar om dei mest sårbare barna i barnehagen. Dette er også eit sårbart tema å snakke om, men som vi også kjem til å kome innom når vi arbeidar som barnehagelærarar i barnehagen. Vi ønskte difor å tileigne oss meir kunnskap om dette temaet, og lagde ei problemstilling ut i frå å kunne undersøkje korleis barnehagelæraren kan bidra til at barn blir oppdaga og kva slags eventuelle ressursar og tiltak som kan bli gjort for å kunne sikre at barnet får den hjelpa det har behov for.

1.2 Sentrale begrep

Sentrale begrep som går att i denne oppgåva er *omsorg* og *omsorgssvikt*, *relasjon*, *kommunikasjon* og *kunnskap og kompetanse*. Når vi snakkar om *omsorg* viser vi til Tyssen sin definisjon at *omsorg* handlar om det å bry seg om og ta vare på andre mennesker sitt beste (Askland, 2011, s.56). Når vi snakkar om *omsorgssvikt* viser vi til Kari Killén si skildring som er at *omsorgssvikt* er forsømming av foreldre eller omsorgspersonane til barnet, der det er betydeleg mangel på ivaretaking av barnet sine grunnleggjande behov, der formene for *omsorgssvikt* er vanskjøtsel, fysisk og psykisk vald og påføring av krenkingar (Killén, 2017, s.58). Når vi snakkar om relasjon nyttar vi Askland sin definisjon, der han beskriv ein *relasjon* som er omsorgsfull er prega av lydhørheit, nærleik, ømheit, godhug, innleving og evne og vilje til eit samspel (Askland, 2011, s.54). Når vi snakkar om *kommunikasjon* referera vi til Tveiten sin formulering, der *kommunikasjon* er ein utveksling av meningsfylte teikn mellom to eller fleire personar (Tveiten, 2019, s.132). Når vi nyttar *kunnskap og kompetanse* som begrep, handlar det om *kunnskap og kompetanse* om temaet omsorgssvikt. Vi tek utgangspunkt i den faglege *kunnskapen og kompetansen* barnehagepersonellet har, og som vidare vil vere ein nyttig ressurs i arbeidet med å oppdage og følgje opp bekymringa om *omsorgssvikt* i barnehagen (Johannessen, 2020, s.221).

1.3 Oppgåvas oppbygning

I kapittel éin har vi gjort reie for val av tema, problemstilling og oppgåvas sentrale begrep. Vidare i kapittel to skal vi ta føre oss teoriar om kva omsorgssvikt er, og nokre sentrale begrep som omsorg, relasjon, kommunikasjon, kunnskap og kompetanse som vi har undersøkt er viktige komponentar i arbeidet for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt. I kapittel tre går vi inn på kva slags forskingsmetode vi har valt å nytte i arbeidet med innsamling av data, før vi presentera våre empiriske funn i kapittel fire. Når vi kjem til kapittel fem, vil vi drøfte våre empiriske funn i lys av vår problemstilling, og til slutt vil vi i kapittel seks kome med ei avslutning der vår problemstilling blir svart på.

2.0 Teorigrunnlag

I denne delen av oppgåva presenterast det teorigrunnlaget som denne undersøkinga byggjer på. Målet er å finne relevant teori som grunnlag for å kunne drøfte dei empiriske funna som vi har samla inn. Vi har valt å presentere teori om *omsorg*, *omsorgssvikt*, *frå mistanke til handling*, *teikn vi kan sjå etter*, *foreldresamarbeid* og *kunnskap og kompetanse* i barnehagen. Dette er sentrale tema for korleis ein som barnehagelærer kan arbeide for å oppdage og følge opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen.

2.1 Omsorg

Omsorg er eit begrep som er knytt til relasjon. Dette handlar om at omsorg vert utvikla og utveksla i relasjonar med andre mennesker (Abrahamsen, 1997, 78). Tyssen definera omsorg som det å bry seg om og ta vare på andre mennesker sitt beste (Askland, 2011, s.56). Omsorg står sentralt i arbeidet med barn, og det handlar om at ein bryr seg om andre og viser det med ord og handlingar. Omsorg er ein moralsk forplikting mellom alle mennesker, og det er ein rettigheit som alle barn har gjennom barnekonvensjonen (Greve, 2016). God omsorg kan innebere å vise respekt, gi støtte og tydeleggjere forståelse for barnet. Dette vil vere med på å bidra til å tilfredsstillе barna sine fysiske og psykiske behov. Omsorg for barn vert gitt både av barnas forelder og dei tilsette i barnehagen. For at omsorga skal vere god i familien, som er primæromsorgspersonane til barnet, må dei føresette passe på at den fysiske omsorga vert tilfredsstillt med mat, reine klede og trygge omgjevningar med ein trygg plass å bu. I tillegg til dette treng barna å få oppfylt den psykiske omsorga med å støtte og trøyste barnet og sørgje for at barnet får all den støtta det har behov for (Johannessen, 2020, s.86).

Barns omsorg er eit sentralt begrep i verdigrunnlaget til barnehagen. Dersom barna ikkje får den omsorga dei har rett på og behov for, vil dei heller ikkje ha kjensla på tryggleik og trivsel i barnehagen. God omsorg er med på å danne eit grunnlag for at barnet skal føle seg trygg og trivast i barnehagen. Det vil også danne eit grunnlag for vidare utvikling av empati og omsorg for andre barn og vaksne. Vidare hevdar Johannessen (2020) at barnehagen skal vektleggje at alle barn skal oppleve følelsen av å bli sett og forstått. Barna skal bli respekterte og få den hjelpa og støtta dei treng med utgangspunkt i kvart enkelt barn sitt utviklingsnivå (Johannessen, 2020, s.86).

Omsorgsbegrepet innebere ivaretaking av individa, samspelet og interaksjonane mellom mennesker. Alle barn har behov for at andre barn og vaksne bryr seg om dei og viser ein genuin interesse for dei. Personalet i barnehagen må sjå på barna som aktive bidragsytarar i omsorgsrelasjonar, der barnet både gir og får, og ikkje berre er passive mottakarar av omsorg. Når både personalet og barnet er aktivt deltakande i omsorgsrelasjonane, vil dette kome fram ved at begge partar kommunisera ei stadfesting på å ha motteke omsorg ved å gi blikk, nikke og smile (Johannessen, 2020, s.87).

Når det kjem til barnehagelæraren sin profesjon knytt til temaet omsorg, er det viktig at ein er bevisst på om omsorga vert gitt ut frå barna sine behov, eller ut i frå dei vaksne sin forståelse og behov. Dersom personalet ikkje er kritisk til sin eigen praksis, og korleis dei forstår omsorg og har eit bevisst forhold til korleis og kvifor ulike omsorgshandlingar vert utført, kan det føre til at ulike omsorgsrelasjonane vert negative. Dette kan igjen kan føre til at barn vert utsett for omsorgssvikt (Johannessen, 2020, s.87).

2.2 Omsorgssvikt

Omsorgssvikt er ein varig mangelfull evne eller vilje hos omsorgspersonane til å møte barnet sine grunnleggjande fysiske, emosjonelle, psykiske og medisinske behov (Bufdir, 2018). Omsorgssvikt hos barn er sjeldan eit enkelt teikn eller symptom, men det er eit samansett bilete av ulike faktorar. Det er difor viktig å nytte ulike observasjonsmetodar dersom ein mistenkjer teikn på omsorgssvikt hos eit barn. Det er ikkje alltid at barn som lev i vanskelege livssituasjonar viser tydelege teikn, og det er heller ikkje alltid ein samanheng mellom teikna barnet viser. Difor er det viktig å vere klar over kva slags teikn ein skal sjå etter (Bufdir, 2018).

Omsorgssvikt kan nemnast som forsømming av foreldre eller omsorgspersonar til barnet (Killén, 2017, s.58). Det handlar om en tydleg mangel på ivaretaking av barnets grunnleggjande behov for stimulering, oppfølging og beskyttelse, og mangel på handling i motsetjing til mishandling, vald og overgrep, som er aktiv påføring av krenkingar (Kvælle, 2018).

I mange heimar er det barn som lid av omsorgssvikt. Barn som ikkje får tilfredsstilt sitt omsorgsbehov, kan vere med på å risikere at barnet kjem i ei utviklingskrise (Sjøvik, 2014, s.204). Dette vil seie at det er ei krise som utviklar seg gradvis over tid. Barn som veks opp med

omsorgssvikt, kan kome av at foreldra let sine behov kome framfor barnet, som igjen er med på at det vert stilt urimelege krav og forventningar til sitt eige barn. Det kan vere at foreldre overlet all ansvar på sitt barn på grunn av svikt i heimen, som igjen fører til at barnet lev med konstant angst for at både personalet og barna i barnehagen skal få kjennskap til korleis familien har det i sin heim (Sjøvik, 2014, s. 221).

Omsorgssvikt handlar ikkje berre om kva den vaksne gjer, som kva barnet ikkje får. Ein kan skilje mellom synleg og usynleg omsorgssvikt, og at det er den usynlege omsorgssvikta som er den mest bekymringsfulle. Den synlege omsorgssvikta forbind ein med sosial arv, rusproblem og psykiske problem. Denne er lett å observere, og få satt i gang hjelpetiltak, men den usynlege omsorgssvikta finn vi i velfungerande familiar, der samspelet mellom foreldre og barnet er mangelfullt. Her viser foreldra ingen sensitivitet ved signal frå barnet og mangelfull oppmerksomheit rundt barnet (Sjøvik, 2014, s.222). For eit barn som lid av omsorgssvikt er det svært viktig at personalet i barnehagen klarar å fange dette opp, slik at ein tidlegast mogleg kan setje i verk tiltak for å hjelpe barnet.

2.3 Frå mistanke til handling

Barn som opplev situasjonar som blir sett på som ein risiko eller som omsorgssvikt oppdagast ofte først hos personalet med ein mistanke. Mistanken krev at barnehagelæraren har relevant kunnskap og evner til å knytte opplevingane sine med uro og bekymring til handlinga for å kunne subsidiere til fordel for barnets beste. Uro og bekymring er ei kjensle som kan komme over tid, eller er ei kjensle som har oppstått brått i samband med noko som skjer (Nordhaug, 2019, s.68).

Mistanken som barnehagelæraren opplever knytt til barnet som opplev omsorgssvikt er å forsøke å få uro- og bekymringskjenslene til hovudet og knytte det til kunnskap og kompetanse for ein produktiv og fagleg måte å forhalde seg til situasjonen. Gjennom det å arbeide på eit rasjonelt grunnlag, ved å vurdere korleis ein som barnehagelærer bør handle i gitt situasjon (Claussen, 2010, s.19). I arbeidet med å følgje opp mistanken går første fasen ut på å gjere seg bevisst på korleis hendingar og situasjonar som var med på å framkalle mistanke. Ved å gjere arbeidet strukturert vil det vere som eit reiskap som viser om kjenslene knytt til situasjonen er rasjonell eller irrasjonell. I slike situasjonar er det fordelar og ulemper med å involvere fleire i personalgruppa. Ulempa med å involvere fleire kan resultere i ei heil personalgruppe med ein

kollektiv mistanke, og då med ein mistanke som også kanskje ikkje er reell. Fordelen med å opne seg opp om uro- og bekymringskjenslene for personalet vil ein få vite om fleire i barnehagen også har same mistanken, og det vil vere eit godt utgangspunkt og grunnlag for prosessen vidare med observasjonar, konsultasjonar og samtalar (Nordhaug, 2019, s.69).

Mistanken og bekymringar omkring barn er viktige faktorar for å oppdage omsorgssvikt, og det kan nyttast som eit profesjonelt reiskap i arbeidet. Det er også viktig å tidleg skilje ut dei faktiske opplysningane, vurderingane og irrasjonelle kjenslene. Dette er til fordel til at det kan brukast som utgangspunkt for vidare systematisk arbeid kring risiko- og omsorgssviktsituasjonar (Claussen, 2010, s.20).

2.4 Teikn vi kan sjå etter

For at barnehagen skal kunne avdekkje om eit barn befinn seg i ein risiko- eller omsorgssviktsituasjon, må barnehagepersonalet registrere dei signala som barnet sender som kan seie noko om barnet sin livssituasjon (Killén, 2017, s.16). Når barn utsetjast for omsorgssvikt er det ikkje nærliggjande for barnet å fortelje konkret om dette til ein vaksen. Med det krev det at barnets omsorgsperson i barnehagen har kjennskap til barnets meistringsstrategiar (Johannesen, 2020, s.130). Dei tilsette bør vere merksame på endringar i barns kjensler og åtferd. Slike endringar kjem gjerne til uttrykk ved at barn blir meir stille og tilbaketrekt eller viser meir sinne, frustrasjon og utagering enn tidlegare (Aamli, 2020).

Barn formidlar seg gjennom kroppen og med kjenslene. Leiken er barnas uttrykksform som dei brukar til å bearbeide sine erfaringar, og det er for barnehagelæraren ein god arena for å fange opp barnas erfaringar. Det er nokre signal som kan vere til stor betydning i prosessen for å oppdage barn som utsetjast for omsorgssvikt. Det kan vere observasjonar der barna uttrykkjer at dei mistar lysta deres til å leike, dei verkar triste, passive og trekkjer seg unna både barn og vaksne. Dette er nokre viktige signal i fasen med barnets åtferdsendringar, men også signal frå barna der dei viser meir sinne og utagerande åtferd. Signal som kontaktforstyrring er også viktig å observere og kartleggje, som går ut på at barnet ukritisk vender seg til kven som helst tilsette, og at dei klenger seg på andre foreldre eller vaksenpersonar i barnehagen (Johannesen, 2020, s.130).

Generelle teikn på omsorgssvikt vil vere framståande når barnehagelæraren skal oppdage barn som utsettast for omsorgssvikt. Johannesen (2020) hevdar fleire grunnleggjande teikn som vil vere avgjerande. Ho legg vekt på barnet kleder og utstyr kan mangle, som heller ikkje passar til barnet eller som ikkje er tilpassa årstida. Matpakken til barnet blir stadig gløymd, og som også inneheld lite næringsrik mat som bør prioriterast til fordel for barnets vekst og utvikling. Også manglande reinslegheit kan vere eit symptom. Det at foreldre er konfliktsky og viser lite medkjensle til barnets behov, der dei har vanskeleg for å setje sine egne vanskar til sides og ha barnas behov i sentrum er signal som kan vere barnehagelærarens rett til uro og bekymring for barnet (Johannesen, 2020, s.134).

2.5 Relasjon og omsorg

Relasjonen og relasjonskompetanse mellom barnet og vaksen er gjeldande for å oppdage barn som opplev omsorgssvikt. Søftestad (2018) hevdar at dei vaksne må bli godt kjend med barna og deres veremåtar, slik at endring kan fangast opp på eit tidleg tidspunkt (Johannesen, 2020, s.131). Barn knyter seg til personar som gir dei fysisk og emosjonell omsorg (Drugli, 2020, s.43). Det er viktig som barnehagelærer at ein er reflektert rundt sin relasjon til barn, som kan sjåast i samanheng med omgrepet relasjonskompetanse. Relasjonskompetanse handlar om å ivareta ein trygg tilknytning, og at ein som barnehagelærer er der for barn som opplev utrygg tilknytning (Killén. 2017, s.130).

Enkelte barn opplever at dei kan utvikle trygge eller utrygge relasjonar til omsorgspersonar. Killén legg vekt på den trygge tilknytninga der barnet gjerne har kontroll på sine egne kjensler og kan regulere dei på eiga hand. Opp imot dette er det barn som opplev utfordringa med å handtere egne kjensler og ikkje heilt klarer å regulere dei sjølv. Med dette som eit utgangspunkt kan det vere eit signal på ein tilknytning barnet opplev som utrygg, som ein kan kople opp mot den eventuelle omsorgssvikta (Killén, 2017, s.35). Å skape ein trygg tilknytning handlar om å sjå barnet innanfrå og som eit subjekt.

Barn tilbringar fleire timar i døgnet i barnehagen, enn dei er vakne heime. Dette vil med andre ord seie at barn omgåast meir med barnehagepersonalet enn sine foreldre, som gjer at personalet i barnehagen er viktig i sambinding med barn som lev under omsorgssvikt. Personalet må tre inn i rolla som ein kompenserande tilknytning i slike situasjonar, som vil vere med barna til å få hjelp til å handtere tankar og kjensler dei har utfordringar med (Killén, 2017, s.20).

Omsorgsfulle relasjonar mellom barnet og personalet er eit grunnlag for barnas trivsel, glede og meistring. Dette går også ut på at ein som barnehagelærer har evna til å la alle barn få opplevinga av å bli sett, forstått og respekterte, og at barnet inngår i relasjonar som er basert på tryggleik og varme (Drugli, 2020, s.143).

I relasjonsarbeidet i barnehagen inneberer det å synleggjere, trygge og anerkjenne barnet sine grunnleggjande element. Barn som lever under omsorgssvikt kan ha kjensla på at desse elementa ikkje blir overhaldd. Difor bør barnehagen arbeide med å synleggjere barn, slik som Killén hevdar at barna skal få opplevinga av å bli sett i positive situasjonar der dei opplev å lukkast. Men ho legg også vekt på at barna skal oppleve forståing og tryggleik i situasjonar der barna sjølv forventa å bli avvist og oppleve kritikk (Killén, 2017, s.144).

Tett knytt til dette er barnehagelærarens mentaliseringsevne, som vidare er avhengig av våre tilknyttingserfaringar. Killén skildra mentalisering som barnehagelærarens evne til å forstå eigen og andres tilstand og intensjonar, og vår evne til å forstå oss og andre (Killén, 2017, s.130). Mentaliseringsevna er eit viktig verktøy som profesjonell knytt til samarbeid med barn og føresette. Det handlar om korleis ein oppfattar seg sjølv og andre, og at ein forstår andre mennesker og deres åtferd, med utgangspunkt i deres kjensler, behov og tankar (Killén, 2017, s.131).

2.6 Kommunikasjon

Kommunikasjon er viktig for å forstå, og for å bli forstått. Det hjelp barnet med å kommunisere egne kjensler og tankar, og uttrykkje egne ønsker og behov. Tveiten definera kommunikasjon som utveksling av meningsfylte teikn mellom to eller fleire personar (Tveiten, 2019, s.132). Kommunikasjon kan både vere verbal og nonverbal, og denne kommunikasjonen føregår kontinuerleg mellom mennesker (Tveiten, 2019, s.133). Det er viktig å arbeide med kommunikasjon for vidareutviklinga av den profesjonelle kompetansen, og det å ha gode kommunikasjonsferdigheiter vil auke forståinga for barn, personale og foreldre som barnehagelæraren sin profesjon er retta mot. Dette vil også vere med på å byggje eit grunnlag for at kvaliteten på personalet og barnehagen vert auka (Tveiten, 2019, s.133).

Ut ifrå ein studie som er gjort av kommunikasjonsprosessen mellom barn og vaksne med barnet sine uønskja opplevingar og erfaringar i eit avhøyr. Her vert det gjort funn ved at problemet med barna sin truverdigheit først og fremst ligg i at barnet held tilbake informasjon, der barnet

svarar anten begrensa eller at dei let vere å svare på det den vaksne spør om (Gamst & Langballe, 2010, s.92). Det er difor viktig at vi vaksne i barnehagen er bevisst på å aktivt leggje til rette for å ha ein god dialog og kommunisere saman med barna. Dette kan leggje eit godt grunnlag for at barnet tørr å kome å dele sine forteljingar med oss. Dersom barnet føler seg sett, høyrte og teken på alvor i kommunikasjonen med ein vaksen, vil det gi barnet moglegheit til å tørre å snakke om det som er vanskeleg å fortelje, og formidle det til ein vaksen på avdelinga (Gamst & Langballe, 2010, s.94).

2.7 Foreldresamarbeid

Samarbeid med foreldre er ein sentral del i barnehagen (Killén, 2017, s.21). Lovverket understrekar i formålsparagrafen §1 i barnehagelova at barnehagen skal samarbeide med heimen (Glaser, 2018, s.13). St.meld. 41 (2008-2009) handlar om kvalitet i barnehagen. Eit godt foreldresamarbeid er avgjerande for kvaliteten i barnehagen, og i stortingsmeldinga blir det skrive at *god informasjonsflyt mellom heim og barnehage er viktig for både barna, foreldre og for barnehagen sin verksomheit* (St.meld. 41 (2008-2009), s.37). Ifølgje Glaser (2018) utgjør foreldre ein viktig ressurs i sitt arbeid med å danne eit inkluderande miljø i barnehagen (Glaser, 2018, s.13). Det er mange foreldre som slit med for høge krav til forelderrolla, oppsødingsrolla og psykiske lidningar som vil vere med på å gjere det krevjande for seg sjølv og ekstra krevjande for barnet (Glaser, 2018, s.13). Det er difor viktig at samarbeidet med heimen og barnehagen er stabilt og sikkert, for å gjere det beste for dei utsette barna i slike krevjande situasjonar. Glaser (2018) skildrar vidare kva som er viktig med å danne og oppretthalde eit godt foreldresamarbeid (Glaser, 2018, s.19). Eit godt foreldresamarbeid heng saman med foreldra sin tillit og medverknad til barnehagen. Det er barnas foreldre som er primæromsorgspersonane, med dersom omsorga ikkje er tilstrekkeleg god nok er det barnehagen sitt ansvar vidare å skulle oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt (Glaser, 2018, s.64). Når ein slik situasjon oppstår mellom foreldra og barnehagen kan det vere vanskeleg å skape full tillit til personalet i barnehagen igjen. Ein må difor leggje til rette for å oppretthalde det gode foreldresamarbeidet i dei utfordrande situasjonane med gjensidig tillit og respekt.

Det viktigaste for eit barn som går i barnehagen er at foreldra og personalet i barnehagen har eit godt samarbeid med kvarandre. Eit godt foreldresamarbeid innebere at foreldre og personalet er opne med kvarandre om korleis barnet har det, kva barnet sine behov er og korleis ein kan arbeide for å dekke desse behova (Killén 2017, s.21). Som barnehagelærer kan det oppstå

bekymringar for eit barn uavhengig om barnet får god omsorg i heimen eller ikkje. Det er mange foreldre som ønskjer å bli informert om bekymringar som oppstår, og dersom foreldresamarbeidet er bra, vil det vere lettare for barnehagelæraren å kunne ta opp bekymringar og få til eit vidare godt samarbeid (Killén, 2017, s. 178).

For å få til eit godt foreldresamarbeid treng personalet jamleg å få informasjon og rutinar om foreldresamarbeid frå styrar i barnehagen. Drugli (2017) tek opp ulike føresetnadar som kan vere med på å fremje eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehagen (Johannessen 2020, s.191). Først og fremst er ein god føresetnad å ha felles rutinar for all foreldresamarbeid. Barnehagen må invitere til dialog om kva forventningar foreldra har til barnehagen og korleis samarbeidet med barnehagen skal vere. Vidare seier Drugli (2017) at personalet må fokusere på å gi positive tilbakemeldingar om barnet i kontakt med foreldra, og bygge opp ein gjensidig tillit til kvarandre. Dette vil leggje eit godt grunnlag for å kunne gjere det lettare å ta opp ting som kan vere utfordrande å ta opp (Johannessen, 2020, s.193). Eit godt samarbeid som er prega av ein open kommunikasjon vil vere med på å skape eit grunnlag for at bekymringar kan bli teke opp på eit tidleg tidspunkt (Johannessen, 2020, s.194). I tillegg til dette vil eit godt samarbeid med foreldra bli prega av den kunnskapen og kompetansen som barnehagepersonalet sit inne med.

2.8 Kunnskap og kompetanse i barnehagen

Barnehagelæraren har ei meningsfull omsorgsrolle over barn som lev i utsette livssituasjonar, som viser til at kunnskap og kompetanse er to viktige begrep knytt til det å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen (Killén, 2017, s.129).

All den faglege kunnskapen og kompetansen som personalet i barnehagen har tileigna seg på sin utdanning og gjennom ulike erfaringar dei har gjort seg, vil vere ein viktig ressurs for barnehagen. Det å ha kunnskap om relasjonskompetanse og leggje vekt på dette vil vere ein føresetnad for at barnehagetilbodet skal vere av god kvalitet (Lundestad, 2021, s.82). Barnehagelærarens relasjonskompetanse er kunnskap som er avgjerande for arbeidet til fordel for barns beste med å oppdage den eventuelle omsorgssvikta. Drugli (2020) hevdar at ein som barnehagelærer må ha kunnskap om relasjonens betydning med barnet, og korleis denne relasjonen skal etablerast, endrast og utviklast (Drugli, 2020, s.147). Det å oppdage barnas endringar i åtferd og eventuelle signal på omsorgssvikt, krev det ein god relasjon mellom barnet og tilknytningspersonen (Johannessen, 2020, s.130). Dette går på barnehagelærarens evne til å

sjå det enkelte barnet, og tilpasse ut ifrå det sine premissar og tilpasse sin åtferd til barnet (Drugli, 2020, s.147).

Som barnehagelærer må ein nytte den faglege kunnskapen og kompetansen ein har tileigna seg. Men på same tid arbeide utifrå styringsdokumenta for barnehagen, som er barnehagelova og rammeplanen. Gjennom barnehagelova og rammeplanen sitt innhald og oppgåver, er det lagt statlege føringar for å sikre at kvaliteten i barnehagetilbodet vert oppfylt og at barnehagen blir ein trygg, god og lærerik arena for barna å vere i (Meld. St. 41(2008-2009), s.8).

Når ein arbeida som barnehagelærer må ein vere bevisst på si rolle i arbeidet, og vere forberedt på at ein kan møte på utfordrande situasjonar med utsette barn i barnehagen. Ein er nøydd til å ha kunnskap og kompetanse om teikn og endring i åtferd som barna viser. Barn kjem i barnehagen med ein liten ryggsekk med tidlegare erfaringar og kunnskapar. Nokon få av dei har ikkje fått med seg i sekken det dei trenger for å kunne ta del i det sosiale miljøet. Dei er avhengige av nokre vaksne som har kunnskap om deres situasjon og er vare for deres signaler, slik at dei kan nyttiggjere seg det barnehagen kan tilby (Claussen, 2010, s.164).

For å kunne gjere ein best mogleg jobb, treng barnehagelæraren kompetanse. I tillegg til kompetanse, treng barnehagelæraren kunnskap og ein vid forståelse av barna sin utvikling og læring, samt ha evna til å kunne utvikle barna sine perspektiv, støtte, trøyste og det å vere responsive (Alvestad et al., s. 27). Tidlegare forskning viser at lærequalifikasjonar er eit komplekst felt, der det ikkje finst ein enkel relasjon mellom høg utdanning og kvalitet i praksis (Manning et al., 2017). Ein annan studie viser at det er viktig å bygge kapasitet i barnehagen over tid. Ifølgje Pål Roland handlar kapasitet på individnivå hos personalet i barnehagen om summen av kompetanse, motivasjon og verdiar hos kvar enkelt tilsett i barnehagen. Når ein koplar i lag kompetanse, motivasjon og verdiar, vil kvaliteten på arbeidet til dei tilsette bli betre på blant anna kunnskapar om handtering av utsette barn som opplev omsorgssvikt (Strand, 2021).

3.0 Metode

I denne delen av oppgåva vil vi leggje fram den kvalitative forskingsmetoden vi har nytta, samt presentere vignett metoden vi benytta i samtalanene i dei to fokusgruppene. Vidare i denne delen vil vi drøfte oppgåvas validitet, reliabilitet og etiske retningslinjer.

Den metoden vi vel å nytte, hjelp oss til å samle inn data, som vil seie den informasjonen vi treng til vår undersøking (Dalland, 2018, s.52). Når vi skal velje metode, må ein sjå på kva slags metode som vil vere best eigna for å undersøkje vår problemstilling om korleis barnehagelæraren oppdaga og føl opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen. Den metoden vi har valt er ein kvalitativ metode som blir betrakta som ein induktiv metode, og går ut på at forskaren går ut i feltet med eit ope sinn, og ein får fram dei spesielle kvalitetane og eigenskapane ved det studerte (Rienecker et al., 2016, s.168). Vi har valt den kvalitative metoden som vil fungere best for vår empiriske funn på grunnlag av å oppnå ein djupnekunnskap og heilskapleg forståing av bestemte kontekstar, som er bygd på menneskelege kunnskapar, kompetansar og erfaringar.

3.1 Kvalitativ metode

Kvalitativ metode er ein induktiv metode, og eigna seg godt for utforsking av erfaringar og meiningar (Malterud, 2012, s.18). Med kvalitative metodar kan vi bearbeide og analysere dei empiriske funna med å sikte på ein vitskapeleg samanfatning av karaktertrekk og kvalitetar ved dei fenomenene som skal studerast (Malterud, 2012, s.18). Målet med den kvalitative metoden er å få djupneinnsikt i korleis noko skjer, forstå menneskeleg åtferd eller å forstå ulike motiv og hendelsar. Kvalitativ forskning basera seg på eit breidd spekter av innsamlingsmetodar. Ein av desse innsamlingsmetodane i kvalitativ forskning er samtale (Bergsland & Jæger, 2016, s.67). Denne metoden har vi valt å nytte i vår bacheloroppgåve, der vi tek i bruk ein vignett som strategi og innsamling av empiri ved samtale i fokusgruppe.

3.2 Samtalar i fokusgrupper

I vår innsamling av empiri har vi nytta to samtalar i fokusgrupper. Samtalar i fokusgrupper går under den kvalitative forskingsmetoden, der det empiriske materialet består av kva som representera menneskets samtalar eller samhandlingar (Malterud, 2012, s.18). Målet med samtalanene i fokusgruppene var å setje i gong ein diskusjon rundt ein case (Vedlegg 2) med

temaet omsorgssvikt, der dei brukte deres egne kunnskapar og kompetanse i samtalen. Tre barnehagelærarar deltok i eine fokusgruppesamtalen og utgjør ei gruppe, medan styrar, styrarassistent og fire barnehagelærar ei gruppe. Begge gruppene diskutera ein case (Vedlegg 2) knytt til omsorgssvikt i barnehagen, som tematisera ulike sider med korleis dei ville arbeida for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt.

I gjennomføringa av samtalar i fokusgruppene var det deltakarane som styrte diskusjonen i samtalen sjølv. Vår rolle undervegs var å sitere og notere frå samtalen, samt det å halde styr på tida. Innleiingsvis leste vi opp casen og spørsmåla høgt før dei fekk den utlevert skriftleg.

Vi utførte dei to fokusgruppesamtalane våre i to ulike barnehagar, då i ein kommunal- og i ein privat barnehage. I gjennomføringa av den første fokusgruppesamtalen deltok det tre pedagogiske leiarar frå ulike avdelingar med ulike aldersgrupper. Desse tre deltakarane hadde ulik kunnskap og erfaringar på bakgrunn av at dei hadde variert arbeidserfaring, der det var stor skilnad frå første deltakar som var nyutdanna til andre og tredje deltakar som hadde fleire års erfaring som pedagogisk leiar. I andre fokusgruppesamtalen deltok ein styrar og ein styrarassistent saman med tre pedagogiske leiarar og ein barnehagelærarstudent. Deltakarane presenterte seg og la fram deira sin uttøling som barnehagetilsett. Her var det kun ein deltakar som skilte seg ut som var nyleg utdanna barnehagelærar, der deltakaren informerte oss om at dette var eit tema som ho ikkje hadde støtt på i sin arbeidskarriere. Vi har valt å skilje mellom dei to fokusgruppesamtalane med å kategorisere første fokusgruppesamtalen med tal, medan den andre med bokstavar ved drøftinga av dei empiriske funna, til fordel for analysen av funna våre.

3.2.1 Vignett som strategi

Vi har brukt vignett for at deltakarane i samtalane skal diskutere omkring problemstillinga, utan at det er ifrå deres egne opplevingar og erfaringar, men ifrå distanse. Vignettar er korte skildringar av situasjonar, med referanse til det som er sentralt å få respons på (Alexander & Becker, 1978). Gjennom bruk av vignett metoden vil den være med på å bidra til å få fram meiningar, haldningar og vurderingar. Vi har laga to korte casar (Vedlegg 2) som handlar om eit barn som opplev omsorgssvikt, der diskusjonen vi ønskjer å oppnå var korleis dei arbeida for å oppdage omsorgssvikta og korleis dei ville følgje opp bekymringa om omsorgssvikt. Dette er ei problemstilling med eit tema som kan være lettare å diskutere når utgangspunktet ikkje er

eigen kontekst. Deltakarane brukar egne kunnskapar og erfaringar i tolkinga av situasjonen utan at dette vert personleg og avgrensande (Finch, 2016). Gjennom denne måten å samle datamateriale kan ein både stille konkrete spørsmål ved, men også distansere seg frå egne personlege synspunkt og erfaringar.

Grunnen til at vi valte å ha to casar (Vedlegg 2) var på grunnlag av våre tankar og opplevingar i etterkant av den fyrste samtalen. Den fyrste casen blei definert med konkrete og detaljerte skildringar av hendingane. Med det opplevde vi at deltakarane openlyst såg på dette som omsorgssvikt relativt kjapt. Vi valte difor å gjer nokre få endringar, som var å lage den mindre detaljert og med færre skildringar. Gjennom å endre på casen fekk vi kjensla og opplevinga på at det blei ein større og betre diskusjon blant deltakarane, der det også blei formidla fleire synspunkt enn i den fyrste fokusgruppesamtalen.

3.3 Validitet og reliabilitet

Validitet innebere relevans og gyldigheit. I vår oppgåve har vi valt å bruke vignett som handlar om problemstillinga, som vil vere med på å styrke validiteten (Dalland, 2018, s.40). Reliabilitet tydar påliteleg, og går ut på at forskinga gjennomførast korrekt. Det handlar om at førebuingane og etterarbeidet for innsamlinga av empiri gjennom samtalanene i fokusgruppene skal gjerast presist og nøyaktig, i tillegg til korleis vi skildra heile prosessen med innhenting av empiri. Førebuinga av det å utarbeide ein god vignett til innsamlinga av forskingsmetode gjennom samtalar i fokusgruppene er til fordel for oppgåvas reliabilitet. Vi har testa ut casen (Vedlegg 2) på to faglærarar til fordel for å sjekke ut om den er rett ut ifrå problemstillinga vår. Det er med på å styrke validiteten i oppgåva. Vignetten er utforma med eit mål om å få svar på korleis dei som barnehagelærarar arbeida for å oppdage og følge opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen. Spørsmåla (Vedlegg 2) knytt til vignetten er med på å støtte målet med innsamlingane våre av empiri. Spørsmåla (Vedlegg 2) var ein leietråd for deltakarane inn på sentrale tema vi ønskja skulle kome fram i diskusjonen. Utfordringane her er korleis deltakarane oppfattar vignetten og spørsmåla, eller om våre sitat og notat er unøyaktige. Dette er element som vil vere med på å påverke og eventuelt redusere reliabiliteten i oppgåva (Postholm & Jacobsen, 2014, s.129).

3.4 Etiske retningslinjer

Det er viktig å tenkje gjennom etiske retningslinjer for forskinga, før ein skal ut å samle inn empiri. Her må forskaren ta ulike hensyn (Busch, 2013, s. 62). Det ein først og fremst må tenkje på er deltakaren sin rett til å bestemme sjølv. Dette vil seie at deltakaren sjølv vel om dei ønsker å delta i forskinga eller ikkje. Vidare skal deltakarane vere godt informert og frivillig ha gitt samtykkje om å delta. Det er også viktig å få fram at vedkommande har lov til å trekkje seg frå forskinga når som helst utan å måtte kome med ei grunngjeving om dette. Dei skal kunne vere trygge på at deltakarane sjølv og barnehagen vert anonymisert, og at informasjonen skal vere teiepliktsbeleggja og opplysningane blir ivareteke konfidensielt (Christoffersen & Johannessen, 2018, s. 41). Vi gjorde ikkje opptak av prosjektet, så hadde difor ikkje meldeplikt til NSD. I forkant av vår fokusgruppesamtale vart det sendt ut eit samtykkeskjema og eit informasjonsskriv (Vedlegg 1), der deltakarane blei informert om desse retningslinjene og kva forskinga gjekk ut på. I prosessen av fokusgruppesamtalene gjorde vi deltakarane trygge på at dersom dei hadde nokre dei lurte på knytt til casen og spørsmåla (Vedlegg 2) undervegs ville vi vere opne for å svare. Vi var også aktive lyttarar samstundes som vi transkriberte diskusjonen.

3.5 Metodekritikk

Ingen innsamling av empiri er feilfri, og det er viktig å vere kritisk og reflektert over metoden og vignetten som strategi i fokusgruppesamtalane (Bergsland & Jæger, 2016, s80). Den kvalitative metoden vil gi gode moglegheiter for å tileigne seg ein heilskapleg forståing av det ein ønskjer å undersøkje, som ein går i djupna på. Utfordringa her kan vere å sikre nøyaktigheita med den kvalitative undersøkinga, på grunnlag av at alle deltakarane har eigne subjektive forståingar av situasjonar (Kibsgaard & Sæther, 2014, s.61).

Det kan vere utfordrande å generalisere empirien, dersom utvalet av innsamlinga er for lite. Dette kan også vere på bakgrunn av at casane og spørsmåla (Vedlegg 2) kan vere vanskeleg å forstå. Dersom det er for få deltakarar i fokusgruppesamtalane kan det vere utfordrande å få til ein god flyt i diskusjonen med tilføringar av mange ulike haldningar og synspunkt.

4.0 Empiriske funn

I denne delen av oppgåva vil vi sjå på våre empiriske funn gjennom to samtalar i fokusgrupper for å få svar frå deltakarane sine kunnskapar, kompetanse og erfaringar knytt til korleis barnehagelæraren oppdaga og føl opp bekymringa om omsorgssvikt. Vi har gjort ein temabasert analyse av empirien, der vi kom fram til tre hovudtema som gjekk att i begge fokusgruppene (Malterud, 2012). Dei tre hovudtemaa var *relasjon og omsorg, kommunikasjon og kunnskap og kompetanse*.

4.1 Relasjon og omsorg

Gjentakande i begge fokusgruppesamtalane er dei gode relasjonane og den gode omsorga mellom barnet og personalet er avgjerande for om barnehagelærarane kan oppdage omsorgssvikta for eit barn. Deltakarane legg vekt på trygge relasjonar med barnet som avgjerande for om barnet opnar seg opp kjenslemessig til personalet. Gjennom fokusgruppesamtalane vert det lagt stor vekt på observasjonar knytt til barnets kjensler, kroppsspråk, endring i åtferd og kva barnet sjølv seier og uttrykkjer. I heilheitas samtale i fokusgruppene hevdar deltakarane at den gode relasjonen og gode omsorgen for barna i barnehagen gjer det lettare for barnehagelæraren å oppdage den eventuelle bekymringa om omsorgssvikt gjennom å sjå og tolke barnets kroppsspråk og endringar i åtferda. I denne samanheng seier deltakar 3: *dersom ein observera at eit barn trekkjer seg unna leiken, som det vanlegvis er ein del av, er det viktig å observere vidare om barnet har nokre åtferdsendringar som er bekymringsfulle, og som kan vere nyttig informasjon å ta med seg vidare i arbeidet for oppfølginga av bekymringa*.

I den eine fokusgruppesamtalen hevdar deltakar 3 at ein alltid skal arbeide etter barnet sitt beste, for at barnet skal få det så trygt og godt som mogleg. Det handla om at personalet må fokusere på å sjå barnet, kartleggje kva barnet treng og fange opp signala barnet viser i løpet av barnehagekvardagen. Vidare i samtalen kom det fram at dei vaksne i barnehagen må vere trygge og gode omsorgspersonar for barna, og skape gode relasjonar til kvart enkelt barn, slik at barna får det bra i barnehagen. Det å ha gode vaksen-barn relasjonar er med på å gjere det betre for barnehagelæraren å oppdage omsorgssvikt hos eit barn. Deltakar 1 seier: *det er viktig for alle barn å ha ein tilknytingsperson som dei kan støtte seg på, og som kan vere den trygge hamna i*

situasjonar som barnet opplev som krevjande. Der vil dei bli møtt med varme og omsorg, og får kjensla på at dei blir anerkjent og lytta til.

I fokusgruppesamtalen blei det lagt vekt på temaet barnesamtalar, som kan vere ein nyttig ressurs i arbeidet om å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt. Deltakar C legg vekt på at barnesamtalar vert nytta ved behov når personalet observera eventuelle endringar i åtferd og kroppsspråk, eller når dei er bevisste på at barnet går gjennom vanskelege og utfordrande situasjonar. I same samtalen vert det diskutert mellom deltakarane at det innebere å bekrefte barnet sitt uttrykk, og det å hjelpe barnet med å setje ord på sine ulike kjensler. Deltakar F hevdar dette inkludera ein viktig del av å vere ein trygg vaksen som barnet har tillit til, gjennom å ha gode dialogar som kan vere til god hjelp for barnet. I mellom barnehagelærarane i fokusgruppesamtalen vert det ein samtale om korleis ein skal ta hand om barnet i slike samtalar. Det vert diskutert deltakarane imellom om å vektleggje opne spørsmål, og det å ikkje leggje ord i munnen på barnet og med eit mål med samtalen om å finne ut korleis barnet har det. Tillit og den gode relasjonen blir gjenteke fleire gongar gjennom temaet barnesamtalar i begge fokusgruppesamtalane, og dei trekkjer fram det å bruke ein fast tilknytningsperson for barnet, og at dette er nødvendig knytt til å ivareta omsorgen for barnet. Ein fast tilknytningsperson blei hevda i samtalane at det var grunnleggjande i forhold til at den vaksne skal fungere som ei trygg hamn når det gjeld kjenslemessig regulering.

Det å ha eit godt foreldresamarbeid var eit gjentakande tema som kom fram i begge fokusgruppesamtalane. Vidare vart det sagt at gjensidig tillit, respekt og god kommunikasjon var avgjerande for å byggje gode relasjonar og få til eit god foreldresamarbeid. I tillegg til dette skal barnet alltid vere i sentrum for samtalen. Det kom fram i første samtalen frå deltakar 2 at dersom ein kjem opp i ein slik situasjon med bekymringar for eit barn om omsorgssvikt, vil det å byggje opp tillit til den føresette frå dag éin vere avgjerande for samarbeidet vidare, og om den føresette vil opne seg opp for personalet i barnehagen. Alt slår tilbake på om dialogen med foreldra har vore god eller dårleg knytt til foreldresamarbeidet. Foreldresamtalane blir vist til som eit godt hjelpemiddel for å nytte for å kunne kome vidare med bekymringa om omsorgssvikt. Deltakar 1 gir uttrykk for at ein kan bruke samtalen til å finne ut korleis heimesituasjonen er og korleis barnet er utanfor barnehagen. Deltakar 1 fortel at ein kan lese på kroppsspråket til den føresette medan ulike spørsmål vert stilt, og svara som kjem fram under ein slik samtale vil vere avgjerande for vegen vidare. Deltakar 3 seie: *foreldre har krav på å få vite kva som skjer, så lenge det ikkje er til fare for barnets liv og helse. Samt det å kunne vere*

opne med dei føresette om alt som skjer i barnehagen så lang det let seg gjere, vil også vere med på å gjere foreldresamarbeidet sterkare.

4.2 Kommunikasjon

Kommunikasjon var eit tema som gjekk igjen i begge fokusgruppesamtalane. Deltakarane kom fram til at kommunikasjon er ein viktig del i arbeidet med å oppdage omsorgssvikt i barnehagen. Kommunikasjonen må vere god både mellom personalet, personalet og barna samt personalet og foreldra. Deltakar B i samtalen fortalte at det å dele sine bekymringar med andre, både personalet på avdelinga og styrar er viktig når ein kjem i ein slik situasjon. Vidare kom det fram frå deltakar A at dersom det skulle bli utvikla ein sak av denne bekymringa, skal ein ikkje sitte aleine med ein slik sak, ein skal snakke saman med personalet og støtte seg på kvarandre. Det vart også nemnd i samtalen at pedagogisk leiar kan planleggje eit avdelingsmøte kring bekymringa for barnet, der møtet kan bli nytta til å dele sine observasjonar, tankar og synspunkt med kvarandre, i tillegg til å ta opp at kommunikasjonen i ein slik situasjon er ganske vesentleg for å få til eit godt samarbeid i dette arbeidet. Det vart også sagt av deltakar D at styrar kan delta på møtet for ekstra støtte til personalet.

I fokusgruppesamtalen vart det fortalt at det er avgjerande å få god kontakt med barnet, og det at kommunikasjon og relasjon heng tett saman med kvarandre. Deltakar 3 fortel at dersom det er ein god kommunikasjon og relasjon mellom personalet og barnet, vil det vidare føre til at barnet føler seg trygg og at trygge barn tørr å fortelje. For at dette skal skje, må den gode relasjonen vere på plass frå første stund. Deltakar 2 opplyste om at dersom relasjonen er god og barnet har tillit til den vaksne, vil kommunikasjonen mellom barnet og den vaksne vere god, der barnet opnar seg og delar informasjonen sin vidare med ein trygg omsorgsperson.

Deltakar 1 gir uttrykk for at dialogen med dei sårbare barna står sentralt, og er avgjerande for arbeidet med å oppdage omsorgssvikt. Deltakar 1 fortalte vidare at i tillegg til dialogen, er kommunikasjonen sentral, og at ein kan snakke med barna om denne tematikken i for eksempel ei samlingsstund. Der kan ein snakke om kroppen og egne kjensler. Det blei sagt frå deltakar 2 at ein kan snakke med barnet om kva som er greit med kroppen og ikkje, og korleis det kjennest ut å vere sint og redd. I samtalen kom det fram frå deltakar 3 at dette kan vere med på å få barnet til å tørre å fortelje når noko er gale, som kan vere med på å oppdage omsorgssvikta.

4.3 Kunnskap og kompetanse

I begge fokusgruppesamtalane nemner deltakarane nødvendigheita om kor sentralt kunnskap og kompetanse blant barnehagelærarane er i høve til å oppdage og følgje opp bekymringa for omsorgssvikt. Deltakarane nemner at det er viktig å vite noko om kvart enkelt barn og observere barnas signal og åtferd, og dette hevdar dei er kunnskap ein som barnehagelærar bør ha for å kunne oppdage eventuell omsorgssvikt. Dette innebere å observere kva barna er opptekne av, og kanskje teikningane til barna viser deres reelle tankar og kjensler, og om det er enkelte situasjonar som gjer barna opprørt eller aggressive. Så kunnskapen blant barnehagelærarane om barnas åtferdsmønster og sjølve barnet, krev det eit kompetanseressursrikt personale. I fokusgruppesamtalen nemner deltakar A det tverretatlege samarbeidet barnehagehagelærarane har tilgjengeleg, der dei saman kan nytte sine kunnskapar og kompetanse for å arbeide mot å hjelpe eit barn i utsette livssituasjonar. Deltakar E legg også til nødvendigheita av å ha kompetanse rundt temaet meldeplikt, der dei grøne og raude sonene spelar ei rolle dersom det er fare for barnets liv og helse.

Det tverretatlege samarbeidet blei nemnt i begge fokusgruppesamtalane som inngår i temaet kompetanse. Dei påpeika gjentatte gongar at det er viktig å bruke dei ressursane dei har tilgjengeleg rundt seg til fordel for å jobbe i retninga for barnets beste. Nokre av dei ressursteama dei nemner er blant anna barneverntenesta, helsestasjonen og PPT. Dei argumentera med å nytte eit tverretatleg samarbeid vil vere med på å påverke korleis dei på best mogleg måte kan bidra til å førebyggje, avverke og avdekkje omsorgssvikta. Deltakarane nemner i samtalane at dersom dei er usikre på ein situasjon knytt til meldeplikt eller ikkje, trekkjer dei fram at dei gjerne ville kontakta barnevernet med å presentere situasjonen anonymt for å bli anbefalt kva som behøvast å gjere i ein angitt situasjon. Det blir i vignetten skildra eit barn med blåmerke, og knytt opp til dette diskutera deltakarane at eit samarbeid med helsestasjonen ville vore til god hjelp for å vere med på å bekrefte kva type blåmerke dei anonyme skildringane seier og det vil vere med på å påverke situasjonen i ein retning til fordel for barns beste.

Det kom fram i fokusgruppesamtalane at meldeplikt, aktivitetsplikt og handlingsplikta er noko ein er pliktig til å følgje i barnehagen. Det vart sagt at dersom ein går rundt med ein bekymring for eit barn, slik som i denne situasjonen, har ein ei plikt om å handle. Denne handlingsplikta går ut på at alle tilsette i barnehagen har ein plikt til å undersøkje, varsle og gripe inn dersom ein får kunnskap eller mistanke om at eit barn blir utsett for mellom anna omsorgssvikt.

Aktivitetsplikt var også noko som vart nemnd i samtalen. Vidare kom det fram frå deltakar F at ein som barnehagepersonell har ein aktivitetsplikt å følgje. Det går ut på at dei tilsette i barnehagen skal følgje med på korleis barnet har det, og undersøkje og setje inn tiltak når personalet får ein mistanke om at eit barn ikkje har det bra i barnehagen. I dette tilfellet ut ifrå vår vignett (Vedlegg 2), med bekymringa om eit barn som kan vere utsett for omsorgssvikt. Ein av deltakarane forklarte vidare at i tillegg til desse to pliktane, har ein også ei meldeplikt som ein er plikta til å følgje i barnehagen. Denne plikta går ut på at dersom ein ser teikn på at eit barn kan vere utsett for skadelege forhold, har ein ei plikt til å melde frå til barnevernet. Alle tilsette i barnehagen har ei plikt til å melde ifrå om slike forhold, og det kan mellom anna gjelde situasjonar der det er fare for at barnet tar vesentleg skade eller kan hamne i ein slik situasjon. Deltakar C seie at ein som barnehagelærer skal ta med sin bekymring vidare til styrar, og deretter går styrar vidare og melder inn bekymringa til barnevernet.

I tillegg til meldeplikt, aktivitetsplikt og handlingsplikt, vart temaet grøn og raud sone tatt opp i samtalen. Deltakarane 2 snakka om den grønne og raude sona i forhold til om ein skal dele sine bekymringar med dei føresette eller ikkje, fordi det ikkje alltid er like enkelt å vite kva som er rett og ikkje rett i ein slik situasjon. Det kom fram i første samtalen at dersom bekymringa går innanfor den grønne sona, kan ein drøfte bekymringane ein har for barnet saman med foreldra utan at det er fare for barnet. Dersom bekymringa går under den raude sona, kan ikkje barnehagen drøfte sine bekymringar saman med dei føresette på bakgrunn av at det kan vere til fare for barnets liv og helse. Her blir bekymringane meldt ifrå til barnevernet, og barnevernet handtera bekymringa vidare med dei føresette.

I begge fokusgruppesamtalane blir det vektlagt den kunnskapen og kompetansen som ein som barnehagelærer skal sjå etter hos barn, og som er heilt nødvendig for å oppdage barn som opplev omsorgssvikt. Som barnehagelærer nemner deltakar A det er grunnleggjande å vite korleis ein skal takle og handtere situasjonar som blir omtalt i vignetten (Vedlegg 2), og dette er kompetanse ein dannar seg gjennom å utvikle kunnskapsnivået sitt og egne erfaringar. Deltakarane avsluttar samtalen med å formidle at det å ha god nok kunnskap og kompetanse vil vere med på å oppdage og følgje opp barna som er utsett for omsorgssvikt.

4.4 Oppsummering av empiriske funn

Vi forstår og tolkar våre empiriske funn som kom fram i fokusgruppesamtalane at dei gode relasjonane og den gode omsorga mellom barnet og personalet er viktige komponentar som er avgjerande for om barnehagelærere kan oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikta for eit barn i barnehagen. Deltakarane i begge samtalane legg fram at det er viktig å dele sine bekymringar med styrar, og søkje støtte og råd hos resten av personalet på avdelinga. Den gode kommunikasjonen og relasjonen mellom barnet og omsorgspersonen vil vere grunnleggjande for at barnet skal føle seg trygg på å kunne fortelje og bli teken på alvor i ein omsorgssviktsituasjon. Nødvendigheita rundt kor sentralt kunnskap og kompetanse hos barnehagelærere er i høve til temaet omsorgssvikt, og barnas signal og åtferdsendingar vert diskutert.

5.0 Drøfting av funn

I denne delen av oppgåva vil vi drøfte våre funn opp mot teorien vi har presentert i teorikapittelet. Vi innleia kapittelet med fokus på barnehagelæraren sitt arbeid knytt opp mot å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt. Vidare vil vi kome inn på om kommunikasjon kan bidra til at barn blir oppdaga. Vi vil til slutt drøfte om kunnskap og kompetansen til barnehagelæraren kan bidra til at barn som opplev omsorgssvikt blir oppdaga. Vi vil også dele våre tankar og refleksjonar kring problemstillinga.

5.1 Barnehagelærarar med fokus på relasjon og omsorg

Barnehagelærar med eit fokus på omsorg, relasjon og tryggleik var eit tema som gjekk igjen i begge fokusgruppesamtalane. Det å ha fokus på ein god relasjon, omsorg for barna og skape ein tryggleik vil danne eit grunnlag for at barnet skal føle seg sett, høyrte og trygg i sine relasjonar med omsorgspersonane sine i barnehagen. Ein relasjon som er omsorgsfull er prega av lydhørheit, nærleik, ømheit, godhug, innleving og evna og vilje til eit samspel (Askland, 2011). Deltakarane kom fram til at omsorg, relasjon og tryggleik kan vere med på å bidra til at barn som vert utsett for omsorgssvikt vert oppdaga, og får moglegheit til å kunne få hjelp. Ifølgje rammeplanen skal barnehagen og personalet sørge for å gi alle barn opplevinga av å

føle seg sett, forstått og respektert og få den hjelpa og støtta kvart enkelt barn har behov for (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Kva er fordelene for barnehagelæraren med å byggje opp ein god relasjon til barna for å kunne oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgsvikt i barnehagen? Relasjonen og samspelet mellom barna og personalet er viktig for at dei skal ha det bra i ein barnehagekvardag, og for små barn er dette eit kriterium for ein god barnehagekvalitet. Barnehagekvaliteten knytt til relasjon og tilknytning er prega av god organisering, nærleik, omsorg og varme, stimulering, meistring og læring (Drugli, 2020). Det blir tydeleg poengtert i begge fokusgruppesamtalane at den gode og gjensidige relasjonen mellom barnet og vaksen er ein komponent som er viktig for å oppdage barnas signal og åtferdsendringar knytt til risiko- og omsorgssviktsituasjonar. Barns ansikt og kroppsspråk kan formidle alle kjensler. Det at personalet kjenner barna godt og deres veremåtar, er avgjerande i arbeidet for å oppdage omsorgssvikt, og med det kan endringar fangast opp på eit tidleg tidspunkt (Johannesen, 2020). Barn uttrykkjer seg gjerne til omsorgspersonar dei føler seg trygge på, og det vil vere til fordel for personalet som skal utarbeide gode dialogar med barnet for å hjelpe barnet til å setje ord på sine tankar og kjensler.

Korleis kan barnehagelæraren få barnet til å opne seg opp og setje ord på eigne kjensler og tankar? Deltakarane i den første fokusgruppesamtalen la vekt på temaet barnesamtalar. Barnesamtalar er ein planlagd samtale mellom eit barn og ein erfaren tilsett i barnehagen. Ein barnesamtale vert lagt opp etter kva barnet har behov for å snakke om (Bufdir, 2007). Gamst og Langballe (2010) skildra samtalen sitt hovudformål er utredningssamtale, avdekkjande samtale og støttande samtale (Bufdir, 2007). Deltakarane diskuterte at ein barnesamtale er ein viktig ressurs å nytte i arbeidet om å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt, men korleis kan ein benytte barnesamtalen som ein nyttig ressurs for personalet og barnet? Slike samtalar vert helst brukt når det utsettebarnet går gjennom vanskelege periodar i livet eller har opplevd noko negativt (Bufdir, 2007). Deltakarane i fokusgruppesamtalen la vekt på at barnesamtalar vert nytta ved behov når personalet observera ulike endringar i åtferd og kroppsspråk, eller når personalet er bevisst på at barnet går gjennom utfordrande situasjonar i livet.

For at barnet skal tørre å opne seg opp for personalet i barnehagen, må personalet byggje opp ein god relasjon til barnet. Dette vil føre til at barnet kjenner seg trygg og sikker på personalet. Det kan vere trygt for barnet å få snakke med sin tilknytningsperson som barnet har best relasjon til. Tilknytningspersonar er dei i personalet som barnet har ein spesielt nær relasjon til (Drugli,

2020). Deltakarane var alle enige i at det å vere ein trygg og stabil vaksen som barnet har tillit til, vil føre til gode dialogar som kan vere til hjelp for barnet. Barn i barnehagen knyte seg spesielt til omsorgspersonar som gir dei fysisk og emosjonell omsorg, og som er stabilt tilstades i barnet sitt liv (Drugli, 2020).

Når omsorgspersonen skal utføre ein barnesamtale med det utsette barnet, er det viktig at den vaksne bekreftar barnet sine uttrykk, og hjelp barnet med å setje ord på sine kjensler. Dette er noko som deltakarane i fokusgruppesamtalane diskuterte. Dei samtala vidare om korleis ein skal ta hand om barnet i slike samtalar. Det er viktig å stille opne spørsmål, og ikkje leggje ord i munnen på barnet. Vidare skal ein vere aktivt lyttande i samtalen slik at barnet føler seg sett, forstått og teken på alvor (Nordhaug, 2019). Når den vaksne i barnehagen har fått meir informasjon om bekymringa for det utsette barnet i barnesamtalen, vil eit godt foreldresamarbeid danne eit grunnlag for vidare oppfølging, men korleis er samarbeide med føresette avgjerande for å følgje opp bekymringa?

Den gode relasjonen med føresette er avgjerande knytt til å oppdage barn som opplev omsorgssvikt. Det gode foreldresamarbeidet blir belyst med gjensidig tillit, respekt og god kommunikasjon, som var eit gjennomgåande tema hos alle deltakarane i fokusgruppesamtalane. Deltakarane nemner at det er avgjerande å byggje gode relasjonar for å få til eit godt foreldresamarbeid, der det er ein tovegskommunikasjon med barnet i sentrum. Men utfordringa her for barnehagelæraren er den vanskelege foreldresamtalen. Glaser (2018) definera den vanskelege foreldresamtalen når barnehagelæraren gruar seg til å snakke med foreldra om ein bekymring for barnet eller barnets livssituasjon, fordi ein er redd for at det vert utvikla ein konflikt mellom partane (Drugli, 2018). Det å etablere eit godt forhold til foreldra på førehand av den vanskelege foreldresamtalen vil vere med på å gi den ubehagelege situasjonen eit betre utgangspunkt for barnehagelæraren, som deltakarane nemnte i den første fokusgruppesamtalen. Samtalar er nødvendig for å gi barn og foreldre god hjelp (Johannesen, 2020). Det å ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeid nært og i forståing med foreldra med barnets beste som eit mål leggje også rammeplanen for barnehagen vekt på (Kunnskapsdepartementet, 2017). Også barnehagelærarens mentaliseringsevne er ein viktig eigenskap som spelar inn på samarbeidet med foreldra. Det handlar om at ein har evna til empati, med å leve seg inn i både barnet og foreldra si oppleving av situasjonen (Killén, 2017).

Som barnehagelærer er det viktig at den uroa og bekymringa som dukkar opp blir vidareformidla med foreldra tidleg, til fordel for å iverksetje tiltak til fordel for barn som lev

under omsorgssvikt. Innholdet i bekymringa kan opplevast som både utfordrande å formidle og utfordrande å motta (Johannesen, 2020). Det er ulike stadium i alvorsgrada knytt til barnets livssituasjon. I begge fokusgruppesamtalane blir det diskutert mellom deltakarane å alltid prioritere barnets liv og helse i forkant av å informere foreldra, som også Nordhaug definerer som grøn og raud sone (Nordhaug, 2019). Ved den raude sona er situasjonen så drastisk at barnet kan kome til alvorleg skade dersom ein som barnehagelærer informerer om situasjonen til foreldra (Nordhaug, 2019). Når ein kategoriserer ein slik situasjon i ei raud sone, er det viktig å nytte dei ressursane barnehagen har rett på. Ofte i slike alvorlege situasjonar er det barnevernet som løyser den krisa og handtera situasjonen med barnet som lev i utsette livssituasjonar.

5.2 Barnehagelærarar med fokus på kommunikasjon

Kommunikasjon var eit tema som ofte gjekk igjen i begge samtalane. Som barnehagelærer er det viktig at ein er bevisst på å leggje til rette for ein god dialog og fokusere på den gode kommunikasjonen mellom barnet og den vaksne til fordel for å oppdage omsorgssvikt i barnehagen. Rammeplanen hevdar at barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barna sine ulike kommunikasjonsuttrykk, som både er verbal og nonverbal kommunikasjon (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Korleis kan barnehagelæraren leggje til rette for ein god kommunikasjon? Som barnehagelærer vert ein bevisst på korleis ein kommuniserer og korleis ein er i samspel med andre. Dette er spesielt knytt til kommunikasjon og samhandling med barn, men også med personalet. Dersom ein er bevisst på dette, vil det danne eit godt grunnlag for å klare å kommunisere på gode måtar med barna, tilsette og foreldre (Lundestad, 2021). Det kom fram i første fokusgruppesamtale at det å fokusere på ein god kommunikasjon vil føre til eit godt samarbeid mellom personalet i barnehagen. Når ein tilsett i barnehage kjenner på ein ubehageleg magekjensle, er det eit teikn på at ein må vere ekstra merksam på det barnet det gjeld (Lehn, 2009). Det å danne ein god dialog og kommunikasjon i personalgruppa vil føre til at dei tilsette tørr å ta opp ting dei bekymra seg over for eit barn eller vanskelege saker med kvarandre. Dersom ein barnehagelærer er bekymra for eit barn, og brukar mykje energi og tid på dette aleine utan å drøfte sine bekymringar med resten av personalet og styrar, vil det vere fare for at omsorgssvikta ikkje vert oppdaga (Nordhaug, 2019). Det blei fortalt i den andre fokusgruppesamtalen at det er svært viktig å søkje råd og støtte seg på andre, der ein kan dele

sine bekymringar med både personalet på avdelinga og styraren i barnehagen. Det kom også fram i samtalen at pedagogisk leiar kan leggje opp til eit møte som omhandlar det utsette barnet. Eit slikt møte kan for eksempel bli ein trygg og nyttig plass for å dele sine observasjonar, tankar og synspunkt med kvarandre, og for å få ekstra støtte under møtet kan styrar også delta.

Som barnehagelærer er det viktig å leggje til rette for gode samtalar med barnet der det har moglegheita til å snakke opent, med ein omsorgsperson som lyttar, ser og tolkar barnets opplevingar (Gamst & Langballe, 2010). Det vert tydeleggjort i fokusgruppesamtalane at barna må få moglegheita til å setje ord på eigne kjensler og tankar. Difor har barnehagelæraren ei viktig rolle med å leggje til rette for at barnet blir stimulert og blir kjent med sine ulike kjensler og korleis ein kan regulere desse (Drugli, 2020). Barn har behov for støtte frå omsorgspersonen, og det kan bli stimulert gjennom kommunikasjon som er prega av to partar som både lyttar og høyrer på kvarandre. I samtalar med barn vil opne og enkle spørsmål gi barnet meir fri forteljing (Nordhaug, 2019). Deltakar B i fokusgruppesamtalane seier at: *det som er avgjerande for å oppdage ei bekymring er å gi barnet rom og tid til å fortelje, samstundes som vi som barnehagelærarar aktivt lyttar til det som barnet formidlar*. Det handlar om å anerkjenne barnet og kva dei formidla. Dette blir støtta opp frå Kari Killén som fortel at barn med trygg tilknytning utvikla evna til å mentalisere, som vidare bidreg til at barnet blir i stand til å regulere sine eigne kjensler (Killén, 2017). Så dersom eit barn får moglegheita til å fortelje, vil det gjere det tryggare og lettare for det å fortelje meir i seinare tid.

5.3 Barnehagelærarar med fokus på kunnskap og kompetanse

Kunnskap og kompetanse var eit gjenteke tema som gjekk att blant deltakarane i begge fokusgruppesamtalane. Dei nemner at dette er eit nødvendig tema dersom ein som barnehagelærer skal kunne oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen. Dei legg også ved at ein må ha kunnskap om korleis teikn og signal ein skal sjå etter. Barn som opplev omsorgssvikt har det vanskeleg, og Johannessen seier barn er avhengig av at barnets omsorgsperson har kjennskap til meistringsstrategiar som barn anvenda, og at dei har kunnskap om korleis ein kan fange opp barnas emosjonelle og åtferdsmessige endringar for å oppdage og følgje opp barna (Johannessen, 2020). Rammeplanen legg også føringar på korleis barnehagelæraren skal arbeidet. Det vert hevda at den nærleiken mellom barnet og personalet er ein sentral posisjon for dei til å observere og innhente informasjon om barnas livssituasjon (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Det vert i begge barnehagane sagt at personalets kunnskap og kompetanse rundt temaet omsorgssvikt har utvikla seg i stor grad dei siste åra. Det har blitt iverksett fleire kurs og andre ressursmiddel som skal føre til eit meir kompetanserikt personale som veit korleis dei skal handle i dei ulike omsorgssviktsituasjonane dei vil møte på. Dei legg også vekt på at det har blitt eit breiare kommunalt ressursteam, som opnar opp for eit samarbeid som ligg i mandatet og i profesjonsutøvinga til dei tilsette i ulike etatar, som også fører til kvalitetsheving av arbeidet (Johannessen, 2020). Deltakarane presentera også at BTI, betre tverretatleg samarbeid, er aktivt teke i bruk. Det er ein generell samhandlingsmodell som skal sikre tidleg identifisering og samanhengande innsats for barn og familiar med behov for samansett og koordinert hjelp (Johannessen, 2020). I henhold til rammeplanen er også personalets kunnskap og kompetanse rundt temaet eit kriterium, for dei skal ha eit bevisst forhold til barn som kan vere utsett for omsorgssvikt, og dei skal ha vite korleis dei kan førebyggje og oppdage omsorgssvikt (Kunnskapsdepartementet, 2017).

Korleis kan barnehagelæraren oppdage barn som utsetjast for omsorgssvikt? Som barnehagelærer er barns signal avgjerande om ein kan oppdage omsorgssvikt. Signal som vekker bekymring kan vere tydelege, som deltakarane diskuterte rundt tematikken i vignetten. Bie & Aadnesen nemner også at signala kan vere vage, og seier at endring i åtferda hos barn kan vere eit teikn på at barn vert utsett for omsorgssvikt (Bie & Aadnesen, 2017). Signal som blir oppfatta i prosessen frå ei tidleg uro til at det er ei bekymring, består av at barnehagelæraren må iverksetje nokre steg som vil kunne vere med på å oppdage og følgje opp bekymringa. Det innebere konkrete observasjonar, konsultasjon, samtale med leiar og barnesamtalar (Nordhaug, 2019). Barn snakkar med kroppen og med kjenslene sine, som gjer ein som barnehagelærer må vere gode til å lese barnets ansikt og kroppsspråk (Aamli, 2020). Og ein av uttrykksformene til barn er å teikne. Dette vert diskutert i den første fokusgruppesamtalen. Barns teikningar består gjerne av tidlegare opplevingar og erfaringar, så dersom ein observera teikningane til barn kan ein også finne signal som kan spele inn på uroa og bekymringa. Eine deltakaren seier det er viktig at vi ser på det tverretatlege samarbeidet vi som barnehage har som ressurs. Det at ein nyttar dei med riktig kompetanse som kan vere med på å hjelpe barnet og foreldra på best mogleg måte. I utgangspunktet er det tverretatlege samarbeidet der dei ulike faglege kompetansane arbeida saman mot eit felles mål, og i denne konteksten vil vere med å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikta til eit barn.

Korleis bruke tverretatleg samarbeid som ein ressurs i barnehagen? Deltakarane nemnde at det tverretatlege samarbeidet er viktig å nytte for å bruke våre ulike kunnskapar og kompetanse

saman. Det tverretatlege samarbeidet kan skje på ulike nivå, med både formelle og uformelle eller individuelle og strukturerte mål (Johannessen, 2020). Når ein arbeidar i barnehagen skal ein samarbeide med ulike instansar utanfor barnehagen, og ein skal få til eit godt tverretatleg samarbeid for barnets beste. Deltakarane i fokusgruppesamtalane påpeika at ein må nytte dei ressursane ein har tilgjengeleg for å kunne hjelpe det utsette barnet på best mogleg måte. Nokre av dei ulike ressurstema som vart teke opp i samtalen var barneverntenesta, helsestasjon, BUP og PPT. Det er barnehagen sin oppgåve å ha kunnskap og informasjon om korleis ein kan trekkje inn andre instansar til eit tverretatleg samarbeid, og det er personalet sitt ansvar å ha kunnskap om kva slags instansar ein kan kontakte for å bidra til å styrke og ivareta barnet (Johannesen, 2020). Deltakarane i fokusgruppesamtalane belyste at det å inngå i eit tverretatleg samarbeid vil vere med på å verke inn på korleis ein best mogleg kan arbeide for å førebyggje, avverke og avdekkje omsorgssvikta.

Som tilsett i barnehagen er ein pliktig å følgje med og melde inn til barnevernet dersom ein har observert forhold som kan vere til skade for barnet (Udir, 2019). Gjennom den andre fokusgruppesamtalen kom det fram at ein som barnehagelærer skal ta med sine bekymringar om eit barn til styrar, og deretter går styrar vidare med bekymringa og melder inn til barnevernet. Det kom også fram at ein er pliktig til å følgje meldeplikta, handlingsplikta aktivitetsplikta i barnehagen, og dette er det noko ein treng kunnskap og kompetanse innanfor. For alle som arbeidar i eit forvaltningsorgan som mellom anna barnehagen, har ein ei meldeplikt til å seie ifrå til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn er utsett for alvorleg omsorgssvikt (Bufdir, 2019). Dersom ein går rundt med ein dårleg magekjensle for eit barn, er ein pliktig til å handle. Her er det viktig at dei tilsette observera, varslar og grip inn dersom ein får kunnskap om at det er eit barn som kan vere utsett for omsorgssvikt (Udir, 2010). I tillegg til handlingsplikt, kom det fram at personalet i barnehagen må følgje aktivitetsplikta si. Det vart vidare fortalt i samtalen at som barnehagetilsette er ein pliktig til å observere og kartleggje korleis barnet har det, og kome i gang med passande tiltak for det utsette barnet ein er bekymra for.

Kva kan skje dersom barnehagelæraren agera for mykje? Dersom barnehagelæraren tek for mykje i bruk sin kunnskap og kompetanse vil det kanskje føre til ein konsekvens for barnehagelærarmandatet. Det at ein bekymring om omsorgssvikt oppstår, og barnehagelæraren agera for mykje og trer ut av sin profesjonsrolle, kan resultere i at ein blir uprofesjonell og kan prøve å innhente informasjon frå foreldera som er basert deres privatliv og det generelle familieforholdet i heimen. Vidare kan dette føre til at foreldra føler seg overkøyrd og invadert

av barnehagelæraren. Dette kan vere med på å øydelegge samarbeidet mellom barnehagen og heimen. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal ivareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeid nært og i forståing med foreldra (Kunnskapdepartementet, 2017). Denne konsekvensen av barnehagelæraren som agera for mykje vil vere ein utfordring knytt til arbeidet for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt.

Eit nytt tema som vart teke opp i fokusgruppesamtalane var det å ha kunnskap og kompetanse om grøn og raud sone. Nordhaug beskriv at den grønne sona går under alle bekymringane ein har for eit barn, der ein er pliktig til å drøfte sine observasjonar og bekymringar med foreldra (Nordhaug, 2019). Det kom fram i samtalen at ein kan dele sine bekymringar med foreldra dersom det ikkje er til fare for barnet, men dersom det dukkar opp ein bekymring der det står om fare for liv og helse for barnet, er ein pliktig å ikkje drøfte denne bekymringa med foreldra. Denne bekymringa går då under det Nordhaug kallar for den raude sona. Her forklarar han at den raude sona er eit faresignal for barnet, der ein ikkje kan drøfte med foreldra før ein har vurdert kor trygt eller utrygt dette er (Nordhaug, 2019).

6.0 Avslutning og konklusjon

Problemstillinga i denne oppgåva spør etter *korleis arbeida barnehagelæraren for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen*. Gjennom vårt forskingsarbeid om barn som opplev omsorgssvikt, og korleis barnehagelæraren arbeida for å oppdage og følgje opp denne bekymringa, har vi kome fram til nokre viktige komponentar knytt til omsorgssvikt. Desse komponentane er *relasjon og omsorg, kommunikasjon og kunnskap og kompetanse*.

Barnehagelæraren har eit felles ansvar for å ivareta barn som er utsett for omsorgssvikt. Deltakarane hevdar at relasjon og omsorg er to viktige faktorar som spelar inn på om barnet vert oppdaga eller ikkje. Dei fokusera på å byggje gode relasjonar med barna og vert kjent med deres veremåtar, og med det kan åtferdsendingar fangast opp på eit tidleg tidspunkt, som vil vere avgjerande i arbeidet for å oppdage omsorgssvikt.

Ein vil som barnehagelærer aldri bli nok rusta og utlært om dette temaet, og ein vil lære av å aktivt arbeide med å oppdage og følgje opp. Deltakarane er einige om at det er viktig med kunnskap og kompetanse knytt til korleis signal og teikn dei skal sjå etter for å oppdage dei sårbare barna. Dei verdset eit godt tverretatleg samarbeid mellom barnehagen og instansane,

der barnehagelæraren kan få vegleing i arbeidet om korleis ein oppdaga og føl opp ei bekymring.

Forskinga vår gjennom teori og ved å samle inn empiriske funn, meina vi omsorgssvikt temaet bør bli innebera i større grad som ein del av utdanninga. Dette vil vere med på å gjere barnehagelærarane meir rusta og trygg på temaet når ein kjem ut i arbeidslivet. Fordelen med meir kompetanse- og kunnskapsrike barnehagelærar er å vere bevisst på korleis ein skal forhalde seg til barna som opplev omsorgssvikt og dei utfordrande og ubehagelege situasjonane. Det innebere at ein veit korleis ein skal arbeide for å få barna til å opne seg opp og handtere eigne tankar og kjensler, samt korleis løyse slike urovekkjande og ubehagelege situasjonar på ein god og hensiktsmessig måte til fordel for barnets beste.

7.0 Litteraturliste

Aamli, K. (2020, 22. april). *Slik kan barnehagen fange opp de sårbare barna.*

Utdanningsforskning. <https://utdanningsforskning.no/artikler/2020/slik-kan-barnehagen-fange-opp-de-sarbare-barna/>

Abrahamsen, G. (1997). *Det nødvendige samspillet.* Tano Aschehoug.

Alexander, C. S. & Becker, H. J. (1978). The Use of Vignettes in Survey. *Public Opinion Quarterly*, 42 (1) :93-104.

Alvestad, M., Gjems, L., Myrvang, E., Storli, J. B., Tunglund, I. B. E., Velde, K. L. &

Bjørnestad, E. (2019). *Kvalitet i barnehagen. Rapport fra dybdestudie i den longitudinelle forskningsprosjektet Gode barnehager for barn i Norge (GoBaN).*

(Rapport nr. 85). Universitetet i Stavanger. https://uis.brage.unit.no/uis-xmloi/bitstream/handle/11250/2630132/Rapport_85.pdf?sequence=3&isAllowed=y

Askland, L. (2011). *Kontakt med barn: innføring i førskolelærerens arbeid på grunnlag av observasjon* (2.utg.). Gyldendal Akademisk.

Askland, L. (2020). *Kontakt med barn: innføring i barnehagelærerens arbeid på grunnlag av observasjon* (3.utg.). Gyldendal Akademisk.

Barne-ungdoms og familiedirektoratet. (2022, 9.mai). *Bekymringsmelding til barnevernet.*

https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Barnevern/Bekymringsmeldinger/

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2018, 6.april). *Omsorgssvikt.*

https://www.bufdir.no/Nedsatt_funksjonsevne/Vern_mot_overgrep/Vold_og_overgrep_mot_barn_og_unge_med_funksjonsnedsettelse/Tegn_pa_vold_og_overgrep/Omsorgssvikt/

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2007). *Barnesamtalen*.

https://bibliotek.buudir.no/BUF/101/NKVTSbarnesamtalen2007.pdf?_gl=1*_zwyj*_g_a_E0HBE1SMJD*MTY1MTc0NzkzOC4yLjAuMTY1MTc0NzkzOC4w

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. (2019, 25.april). *Melde- og opplysningsplikt*.

https://www.buudir.no/Barnevern/Fagstotte/etterlatte_barn/melde_og_opplysningsplikt/

Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2016). Bacheloroppgaven. I Bergsland, M. D. & Jæger, H.

(Red.). *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen*. Cappelen Damm

Akademisk.

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2018). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*.

Abstrakt forlag.

Dalland, O. (2018). *Metode og oppgaveskriving* (6.utg.) Gyldendal Akademisk.

Drugli, M. B. (2020). *Liten i barnehagen* (4.utg.). Cappelen Damm Akademisk.

Drugli, M. B. (2018). Den vanskelige foreldresamtalen. I Glaser, V. (2018).

Foreldresamarbeid: Barnehagen i eit mangfoldig samfunn (2.utg.).

Universitetsforlaget.

Finch, J. (2016). The Vignette Technique in Survey Research. *Sociology (Oxford)*, 21(1),

105-114.

Folkehelseinstituttet. (2020, 2. januar). *Vold og seksuelle overgrep*.

<https://www.fhi.no/nettpub/hin/skader/vold/>

Gamst, K. & Langballe, Å.(2010). Kommunikasjon med barn. Den strukturerte samtalen.

I Claussen, C. J. (2010). *Det er noe med den ungen: Fra bekymring til handling*.

SEBU Forlag.

Glaser, V. (2018). *Foreldresamarbeid: Barnehagen i et mangfoldig samfunn*.

Universitetsforlaget.

Greve, A. (2016, 11. november). *Profesjonalisert omsorg*. Utdanningsforskning.

<https://utdanningsforskning.no/artikler/2016/profesjonalisert-omsorg/>

Johannessen, C. (2020). *Små barn i sårbare livssituasjoner: Hvordan kan barnehagen*

oppdage, forebygge og hjelpe barn i risiko for omsorgssvikt?. KF.

Kibsgaard, S., & Sæther M. (2014). *Barnehagelærerstudentens bacheloroppgave*.

Universitetsforlaget

Killén, K. (2017). *Forebyggende arbeid i barnehagen: samspill og tilknytning* (2.utg.)

Kommuneforlaget.

Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for*

barnehagens innhold og oppgaver. <https://www.udir.no>

Lehn, E. W. (2009). *Dårlig magefølelse: grunnlag for bekymringsmelding? – sentrale mønstre*

i barnehageansattes arbeid med barn som bekymrer (Masteroppgave). NTNU.

https://ntnuopen.ntnu.no/ntnuxmlui/bitstream/handle/11250/269251/396051_FULLTEXT01.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Lundestad, M. (2021). *Pedagogisk ledelse av medarbeidere i et relasjonelt perspektiv*. I

Skogen, E (Red.), Haugen, R., Lundestad, M. & Slåtten, M. V. *Å være leder i*

barnehagen (3.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Malterud, K. (2012). *Fokusgrupper som forskningsmetode for medisin og helse*.

Universitetsforlaget.

- Manning, M., Garvis, S., Fleming, C. & Wong, G. (2017). The relationship between teacher qualification and the quality of the early childhood care and learning environment. *Campbell Systematic Reviews*, 13. <https://doi.org/10.4073/csr.2017.1>
- Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2014). *Læreren med forskerblick: innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Høyskoleforlaget.
- Rienecker, L., Jørgensen, P. S. & Skov, S. (2016). *Den gode oppgaven: Håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole*. Fagbokforlaget.
- Sjøvik, P. (2014). *En barnehage for alle* (3.utg.). Universitetsforlaget.
- Statistiskentralbyrå. (2022, 3.mars). *Barnehager*.
<https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>
- St. meld. nr. 41 (2008-2009). *Kvalitet i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/?ch=1>
- Strand, M. G. (2021). *Korleis kan barnehagen bli betre over tid?*.
<https://utdanningsforskning.no/artikler/2021/korleis-kan-barnehagen-bli-betre-overtid/>
- Søftestad, S. (2018). *Grunnbok i arbeid med seksuelle overgrep mot barn*. Universitetsforlaget.
- Tveiten, S. (2019). *Veiledning - mer enn ord* (5.utg.). Fagbokforlaget.
- Utdanningsdirektoratet. (2010). *Retten til et godt psykososialt miljø: Udir-2-2010*.
<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/Udir-2-2010psykososialt-miljo/Del-II/4-Skolens-handlingsplikt/42/#>

Vedlegg 1 – Informasjonsskriv

Omsorgssvikt i barnehagen

Vi er to studentar som studera 3.året barnehagelærer på Høgskulen på Vestlandet i Sogndal, som skal skrive vår avsluttande bacheloroppgåve. I den forbindelse ønskjer vi å kome i kontakt med fleire kunnskapsrike og erfarne barnehagelærarar som vi håpar vil delta i ein gruppesamtale om ein case knytt til temaet omsorgssvikt i barnehagen.

Korleis arbeida barnehagelæraren for å oppdage og følgje opp bekymringa om omsorgssvikt i barnehagen?

Formål

Vårt formål med å gjennomføre ein gruppesamtale med barnehagelærarane er å få fram ein diskusjon om dykkar sitt synspunkt og korleis dykk ønskjer å arbeide ut ifrå situasjonen som blir framstilt i casen.

Kvifor får du spørsmålet om å delta?

Problemstillinga i vår bacheloroppgåve er spissa inn mot barnehagelæraren sitt arbeid knytt til omsorgssvikt i barnehagen. Difor får dykk som barnehagelærarar spørsmål om å delta i ein gruppesamtale som er basert på ein case.

Vi ønskjer at flest mogleg kan delta i denne gruppesamtalen. Dette vil by på ulike diskusjonar og argument med forskjellige meiningar, haldningar og vurderingar blant barnehagelærarane.

For deg som vel å delta

Dersom dykk vel å delta i vårt forskingsprosjekt gjennom ein gruppesamtale, innebere det å diskutere ein case. Gruppesamtalen vil ta omkring éin (1) time.

Frivilligheit

Det er frivillig å delta i forskingsprosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å oppgi noko grunn. Alle dine personopplysningar vil bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Personvern, rettar og samtykke

Vi vil kun bruke opplysningane om deg til formålet vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personregelverket. Det vil kun vere oss som student og rettleiar som har tilgang til opplysningane vi innhentar frå gruppesamtalen. Både namn og kontaktopplysningane dine vil bli erstatta med kode som vert lagra på eigen namneliste åtskilt frå øvrige data. Alt av opplysningar vil bli sletta og fjerna når forskingsprosjektet er avslutta.

For meir informasjon

Ved spørsmål, ta kontakt med:

Mari Krøke

Mail: hamham2000@hotmail.com

Emilie Tennefoss Ullebø

Mail: emilieullebo@gmail.com

Rettleiar

Hege Fimreite

Mail: hege.fimreite@hvl.no

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og har lest skriftleg informasjon, og er villig til å delta i studiet.

Signatur.....

Telefonnummer.....

Vedlegg 2

Vignett 1

“Ein gut på 5 år bur i Bergen med mor og to eldre søsken. Dei tilsette på avdelinga i barnehagen har den siste tida observert endringar i åtferda hos guten. Observasjonane har vist endring frå å vere ein positiv og glad gut, til å vere trist og sårbar. I går fortalte han til ein av dei tilsette at han blir slått av mamma og stengt inne på rommet når han er slem. Her vekka det opp tidlegare hendingar blant personalet på avdelinga som tidlegare har observert at barnet hadde små blåmerker på låra og armane. I denne situasjonen tenkte personalet det kom frå at barnet var aktivt og utforskande. Nå i nyare tid har nokre av dei tilsette på avdelinga observert opp til fem gongar at guten blir levert i barnehagen med store blåmerker på gutens lår og rumpe. Mor er tilflyttar til Bergen utan noko kjent nettverk rundt seg, og er aleine om omsorgen for dei tre barna. Dei to andre barna er ei jente på 8 år og ein gut på 17 år. Mor oppfattast av barnehagen som ressurssterk og omsorgsfull, der ho blant anna viser interesse for barnet og korleis dagen har vore i hentesituasjonen, og at ho alltid sørgja for at barnet har passande klede til ei kvar tid. Ho har også alltid henta og levert etter avtale. Mor kan ofte verke sliten og trist”.

Spørsmål til case

Korleis arbeida barnehagelæraren i barnehagen for å oppdage om det er omsorgssvikt for guten på 5 år?

Korleis arbeida barnehagelæraren for å følgje opp denne bekymringa?

Vignett 2

“Ein gut på 5 år bur i Bergen med mor og to eldre søsken. Dei tilsette på avdelinga i barnehagen har den siste tida observert endringar i åtferda hos guten. Observasjonane har vist endring frå å vere ein positiv og glad gut, til å vere trist og sårbar. I går fortalte han til ein av dei tilsette at han blir stengt inne på rommet når han er slem. Her vekka det opp tidlegare kjensler blant personalet på avdelinga der dei tidlegare har observert at barnet hadde små blåmerker på låra og armane. I denne situasjonen tenkte personalet det kom frå at barnet var aktivt og utforskande. Nå i nyare tid har nokre av dei tilsette på avdelinga observert at guten blir levert i barnehagen med blåmerker på gutens lår. Mor er tilflyttar til Bergen utan noko kjent nettverk rundt seg, og er aleine om omsorgen for dei tre barna. Dei to andre barna er ei

jente på 8 år og ein gut på 17 år. Mor oppfattast av barnehagen som ressurssterk og omsorgsfull. Ho har også alltid henta og levert etter avtale. Mor kan ofte verke sliten og trist”.

Spørsmål til case

Korleis arbeida barnehagelæraren i barnehagen for å oppdage om det er omsorgssvikt for guten på 5 år?

Korleis arbeida barnehagelæraren for å følge opp denne bekymringa?

Korleis ville du som barnehagelærer tatt stilling til foreldresamarbeid i ein slik situasjon?